

Skriveoppgåver

1 Skriv eit femlinjersdikt om eit fjell, ei elv, eit tre, ein stein, ein skog, ei strand eller noko anna i naturen på heimstaden din. Ta eit bilde av det du skriv dikt om, eller finn ein annan illustrasjon som høver.

Oppskrift på eit femlinjersdikt:

Første linje: Eit ord som viser eit emne/eit tema

Andre linje: To ord som skildrar emnet du har valt

Tredje linje: Tre ord som skildrar ei handling

Fjerde linje: Fire ord som skildrar ei stemning eller ei kjensle

Femte linje: Lik første linje

Her er eit døme:



Store Ste
vinter, mørkt
sola kjem snart
humøret stig, smilet kjem
Store Ste

2 Skriv eit femlinjersdikt om Ivar Aasen eller ein annan forfattar. Finn ein illustrasjon.

Ivar Aasen
Samla landsmålet
Reiste, lytta, skreiv
Langt, lenge, mørkt, lyst
Ivar Aasen

Ivar Aasen
språk, reise
språkreise, reise språk
sjå seg fritt ikring
Ivar Aasen

gå
lang veg
finne alle orda
vilje, staheit og tolmod
gå

Ivar Aasen
Eventyrleg empirikar
Samla og studerte språk
Nøyaktige, nyttige og nytenkjande nedskrivingar
Ivar Aasen



3 Ein variant er å skrive eit dikt ut ifrå bokstavane i eit namn, Ivar Aasen, Tarjei Vesaas eller sitt eige namn. Kva verselinje begynner med bokstavane i namnet vertikalt, så skriv ein ei verselinje ut ifrå kvar bokstav. Elevane kan skrive fritt, eller dei kan få oppgitt eit emne.

Ingen veit
våre inste draumar
alt det vi ønskjer
rare kjensler

andre kan tenke
andre kan tru
sei det dei meiner
enkelt og beint fram
nektar seg ikkje noko

Is og snø
vinter og vår
alle dagar lysnar og får
rosa glimt

av strålende sol
alle dagar
seier; sommaren kjem
enno ein gong
naturen

Inst i hjartekammeret
viklar små hjartetradar seg saman
artige små hopp
rett under brystbeinet

Aktiviteten er elektrisk
atrioventrikulærklaffane blir opna og lukka
som om ingenting har skjedd
eit hjerteslag, 100 000 i døgnet
nesten ikkje til å tru

Ivrig og klukkande
vatnet som renn over steinane i elva
alltid i fart og
rørsle

aldri stille
alvorleg tala,
skal det aldri ta slutt?
Eg er glad ho er der, at
nokre ting alltid er.

4 Skriv eit moderne eventyr om Ivar Aasen 2025. Kva er ærendet hans? Kven møter han på vegen? Kva utfordringar må han kome seg gjennom? Det går sjølvsagt bra til slutt, men kva er det han vann?



Theodor Kittelsen: «Langt langt borte saa han noget lyse og glitre»

- 5 Skriv fritt i 10 minutt der du reflekterer over kva naturen og heimstaden din kan bety for deg og/eller andre.
- 6 Skriv ein kort tekst om eit dikt eller ein songtekst som betyr mykje for deg. Kvifor har du valt dette diktet/denne songen? Kva er det som gjer at denne teksten er viktig for deg?
- 7 La elevane velje ei verselinje kvar som dei liker godt, frå eit av dikta til Aasen. La elevane stå på ei lang rekke. La den første gå fram og nedover rekka medan han/ho seier si verselinje til dei andre i klassen/gruppa. Når vedkommande er ferdig, stiller han/ho seg sist. Lag ei rekkevandring der elevane seier fram si eiga linje til dei andre i klassen/gruppa. Høyr på dei andre si verselinje. Skriv så opp linjene i tilfeldig rekkefølge på eit stort ark, og heng det opp på veggen. Kan dette sjåast på som eit dikt? Kvifor/ kvifor ikkje? Bruk den verselinja du valde inn i ein eigen tekst, det kan vere eit dikt eller ein annan korttekst.
- 8 Finn eit dikt, klipp orda frå kvarandre og legg dei i konvoluttar. Så kan elevane bruke desse orda til å lage nye dikt, to og to arbeider saman. Dei treng ikkje bruke alle orda. Les opp dei nye dikta i klassen. Til slutt les læraren opp det opphavslege diktet. Ikkje tenk på dette diktet som ein fasit, men som utgangspunkt for samtale.
- 9 Bokstavrimet. Skriv eit lite dikt der alle orda begynner på den same bokstaven.
- 10 Biodikt kan skrivast om ein kjent person, eller ein kan skrive det som eit intervju med ein medelev eller om seg sjølv. Ein kan skrive om nolevande eller avdøde personar. Slike mønster for biodikt finst i ulike utgåver, og ein kan endre dei ulike linjene om ein vil.

Linje 1: Fornamn

Linje 2: Tre eller fire adjektiv som skildrar personen

Linje 3: slektskap

Linje 4: To eller tre ting eller synspunkt personen liker

Linje 5: To personar han/ho ser opp til

Linje 6: Tre utfordringar personen har/har hatt

Linje 7: Målsetjingar personen har oppnådd

Linje 8: Tre ting eller hendingar personen drøymmer om

Linje 9: Kvar personen kjem ifrå

Linje 10: Etternamn